

# Opplæringslova og elektroniske læremiddel – førearbeid, lov og forskrift, rundskriv

Jon Grepstad

## NOU 1995: 18 Ny lovgivning om opplæring

«24.3.2 Særlig om tilgang til læremidler på begge målformer

[...] Medlemmene Folkestad og Wøien mener at blant annet av hensyn til økt bruk av informasjonsteknologi, må alle læremidler i utgangspunktet omfattes av kravet om begge målformer, men departementet bør kunne unnta visse læremidler.»

## Ot prp nr 46 (1997-98) Om lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) Tilråding frå Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet av 3. april 1998, godkjend i statsråd same dagen.

«Departementet går i mot framlegget frå utvalet om å oppheve kravet om at også andre læremiddel skal liggje føre både på bokmål og nynorsk. Departementet går inn for å føre vidare dei prinsipp som ligg til grunn for någjeldande lovgiving. Departementet er einig med utvalet i at eit krav om at absolutt alle læremiddel skal liggje føre på begge målformer før dei kan takast i bruk i opplæringa, er lite realistisk. Det er nødvendig å trekkje ei grense for kva læremiddel kravet skal omfatte. Samtidig meiner departementet at å avgrense kravet til berre å gjelde lærebøker, ikkje tek omsyn til den utviklinga som har skjedd og som vil skje når det gjeld læremiddel. For å følgje med i denne utviklinga og på same tid kunne setje ei tenleg grense for kva læremiddel parallellitetskravet skal omfatte, bør departementet få heimel for å gi nærmare forskrifter om kva læremiddel kravet om parallellutgåve skal omfatte. Ein slik regel vil óg gjere det enklare å justere regelverket i pakt med utviklinga. Ein slik regel bør gjelde både for grunnskolen og den vidaregåande opplæringa. Endeleg går departementet imot framlegga frå fleirtalet i utvalet om å oppheve det særskilde forbodet mot bruk og omsetjing av alkohol i anlegg med grunnskolar, og om at kravet om statleg godkjenning av lærebøker skal opphevast. Sjå eigne punkt nedanfor.»

## Innst.O.nr.70 (1997-1998) Innstilling fra kirke-, utdannings- og forskningskomiteen om lov om grunnskolen og videregående opplæring (opplæringsloven)

«Komiteen har også merket seg at elevene har krav på både lærebøker og annet skriftlig materiale på egen målform til samme tid og samme pris.

Komiteens flertall, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Kristelig Folkeparti, Senterpartiet, Sosialistisk Venstreparti og Venstre, ser på dette som en positiv styrking av retten til egen målform i skolen. [...]

Komiteens medlemmer fra Høyre går imot forslaget om å utvide kravet om at lærebøker skal foreligge til samme tid og samme pris til også å omfatte læremidler. Disse medlemmer er ikke uenig i at dette er et ønskelig mål, men mener at det er uforsvarlig å lovfeste et slikt krav når man ikke har noen oversikt over de praktiske og økonomiske konsekvenser av vedtaket.»

## **Lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova)**

«§ 9-4. Lærebøker og andre læremiddel

I andre fag enn norsk kan det berre brukast lærebøker og andre læremiddel som ligg føre på bokmål og nynorsk til same tid og same pris. I særlege tilfelle kan departementet gjere unntak frå denne regelen.

Norske lærebøker som blir brukte i skolen, skal vere i samsvar med læreboknormalen slik denne er fastsett i forskrifter med heimel i lov 11. april 1980 nr. 5 om målbruk i offentleg teneste. Med lærebøker er her meint alle trykte læremiddel som dekkjer vesentlege delar av måla og hovudmomenta for eit fag etter læreplanen for vedkommande klassetrinn eller kurs, og som elevane regelmessig skal bruke.

Lesebøkene i norskfaget i grunnskolen skal ha nok tilfang på begge målformer slik at elevane lærer å lese både bokmål og nynorsk.

Ordlister til skolebruk skal godkjennast av Norsk språkråd.

Departementet gir nærmare forskrifter om kva læremiddel som er omfatta av kravet i første leddet.

Endra med lov 30 juni 2000 nr. 63 (i kraft 1 aug 2000, etter res. 30 juni 2000 nr. 645).»

### **KUF: Forskrift til opplæringslova – høyring (14.01.1999)**

«Kapittel 17 Godkjenning av lærebøker. Kravet om parallellutgåve

[...] Departementet ynskjer særleg tilbakemelding til kravet om parallellutgåve og forholdet til elektronisk programvare. Høyringsinstansane blir særleg inviterte til å kome med synspunkt på om ein bør unnta administrativ programvare frå kravet om språkleg parallellutgåve. Med administrativ programvare meiner ein her tekstbehandling, rekneark, databasereiskapar og publisering- og presentasjonsreiskapar.»

### **Forskrift til opplæringslova 28.06.1999 nr. 722**

«§ 17-1. Generelt

Kravet i opplæringslova § 9-4 andre ledd skal sikre mest mogleg likt tilbod av læremiddel på begge målformer. Samtidig skal reglane gjere det enklare for elevane å dra nytte av opplæringa, og sikre dei språklege rettane til elevane. Reglane skal ikkje hindre at elevane får ta i bruk eit breitt tilfang av lærestoff i opplæringa.

§ 17-2. Hovudregel

Læremiddel i andre fag enn norsk for årskull med elevtal over 300 må liggje føre på bokmål og nynorsk til same tid og same pris, jf. forskrifta § 16-4. Kravet om språklege

parallellutgåver gjeld alle læremiddel som elevane skal bruke regelmessig i opplæringa, så framt læremidla dekkjer vesentlege delar av dei generelle måla i læreplanen, eller vesentlege delar av måla, lærestoffet, hovudmomenta eller hovudemna i eit fag etter læreplanen for eit visst klasstrinn eller kurs.

Læremiddel vil her seie alle trykte eller ikkje-trykte element, enkeltstående eller slike som går inn i ein heilskap, og som aleine eller til saman dekkjer vesentlege delar av dei generelle måla i læreplanen, eller vesentlege delar av måla, lærestoffet, hovudmomenta eller hovudemna i eit fag etter læreplanen for eit visst klasstrinn eller kurs.

Regelmessig bruk vil her seie at læremidlet blir brukt fast, over ein lengre periode, eller jamleg. Dette må sjåast i samanheng med forskrifta § 17-1.

#### § 17-3. Unntak

Kjeldestoff, bakgrunnsstoff, artiklar, aviser, oppslagsverk, administrativ programvare og liknande, både trykte og ikkje-trykte, kjem ikkje inn under kravet om språkleg parallellutgåve sjølv ved regelmessig bruk.

Læremiddel der den norske teksten ikkje har noko vesentleg å seie fagleg eller pedagogisk for bruken, kjem ikkje inn under kravet om språkleg parallellutgåve.

#### § 17-4. Alternative måtar

I læremiddel der den norske teksten utgjer ein mindre del, kan kravet om språkleg parallellutgåve oppfyllest ved ei fellesspråkleg utgåve.

Nasjonalt læremiddelsenter kan etter søknad gi løyve til at språklege parallellutgåver av læremiddel for fagområde med små elevgrupper eller for fag i rask endring kan liggje føre som kombinasjonar av trykte og elektroniske utgåver, t.d. som utskrifter frå diskett, utskrifter frå Internett eller bestillingsproduserte utgåver.

#### § 17-5. Oppfølgingsansvar

Skoleeigaren har ansvaret for å følgje opp dei rettane elevane har til læremiddel på eiga målfom ved mellom anna å ta i bruk godkjende lærebøker. Skoleeigaren har ansvaret for å sjå til at dei læremidla som blir brukte regelmessig i opplæringa, ligg føre i språklege parallellutgåver etter forskrifta §§ 17-1 til 17-4.»

### **KUF Rundskriv F-044-99 25.06.1999**

#### Forskrift til opplæringslova

«31. Administrativ programvare er i forskrifta § 17-3 unnateken frå kravet om språkleg parallellutgåve. Departementet arbeider med sikte på å endre forskrifta slik at elektroniske læremiddel skal omfattast av kravet om språkleg parallellutgåve. Dette skal mellom anna vurderast på grunnlag av rapporten frå ei arbeidsgruppe som vurderer forholdet mellom bruk av elektronisk programvare og nynorsk.»

**Innst. O. nr. 89 (1999-2000) Innstilling fra kirke-, utdannings- og forskningskomiteen om lov om endringer i lov 17. juli 1998 nr 61 om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) m.m.**

«Komiteens flertall, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Kristelig Folkeparti, Senterpartiet, Sosialistisk Venstreparti og Venstre, mener at spørsmålet om nynorskversjoner av administrativ programvare er en avgjørende faktor i arbeidet for likestilling mellom nynorsk og bokmål, og en forutsetning for at nynorsk- og bokmålelever skal ha samme vilkår i skolen. Flertallet ber derfor departementet legge fram en tidsplan for arbeidet med å oppheve det foreløpige unntaket fra parallellutgaveregelen.

Når det gjelder andre læremidler som dekker vesentlige deler av læreplanen, vil flertallet som prinsipp gå inn for at disse må omfatte begge målformer. Flertallet ber om at de praktiske sidene ved dette blir gjennomgått så raskt som mulig og lagt fram for Stortinget.»

**KUF: IKT i norsk utdanning – Årsplan for 2001 (mai 2001)**

«1.2 Om programvare for skole og utdanning

Programvare for skole og utdanning er rettet inn mot pedagogisk så vel som administrativ bruk. Den spenner i dag fra enkle applikasjoner til store nettbaserte digitale læremidler med bruk av tekst, lyd, bilde og animasjoner.

Standard programvare som tekstbehandling og regneark brukes for både pedagogiske og administrative forhold. Videre foreligger det et bredt tilbud av forskjellig programvare for pedagogisk bruk utviklet av både norske og utenlandske aktører. I tillegg har Internett blitt en sentral arena for læringsaktiviteter.

Økende utbredelse av Internett og Intranett åpner for en gruppe programvare som kombinerer muligheter for e-post, elektroniske konferanser og administrasjon av læringsprosesser. Dette legger til rette for bedre samhandling mellom skole, lærere, elever og foreldre (jmf. Svensedammen skole i Drammen), og gir foreldre bedre muligheter for innsikt i læringsaktiviteter ved skolen. Skoler og lærere kan legge ut informasjon, arbeidsplaner, læringsressurser og oppgaver som elever og foreldre/foresatte kan ha tilgang til hjemmefra. Elever får en mer fleksibel arbeidssituasjon, og elever som er fraværende av ulike grunner får bedre muligheter til å følge med i undervisningen.

Spesielt utviklet programvare for administrasjon setter skoler i stand til bedre å håndtere de administrative funksjonene. Dette er programvare, som i likhet med programvare for pedagogisk bruk har vært benyttet ved skoler over lang tid.

Forskriftene (§§ 17-1 til 17-5) til Opplæringsloven (§9-4) stiller krav om at læremidler skal foreligge på både nynorsk og bokmål, og formulerer også hvilke unntak som gjelder. Denne bestemmelsen gjelder også digitale læremidler. Tidligere Nasjonalt læremiddelsenter, nå Læringscenteret, har gitt støtte til en lang rekke utgivelser på begge målføre. I den forsterkede satsingen på digitale læremidler vil det bli tatt behørig hensyn til Opplæringslovens bestemmelser om språklig parallellitet.

Administrativ programvare er unntatt fra Opplæringslovens bestemmelser om språklig parallellitet. Spørsmålet om innføringen av et slikt krav også for denne type programvare er under utredning i KUF.»

## **Utgreiing frå Læringscenteret om elektroniske læremiddel og språkleg parallellitet – følgjeskriv 18.06.2001**

«Kirke-, utdannings- og forskningsdepartementet  
Postboks 8119 Dep.  
0032 Oslo

Vår dato: 18.06.01  
Vår referanse: 00/83

Parallellutgaver av elektronisk programvare mm

Viser til brev av 23. januar 2001 der Læringscenteret fikk i oppdrag å utrede konsekvenser av å oppheve fritaket fra kravet om språklig parallellitet for administrativ programvare. En arbeidsgruppe har sett på dette og foreslår at forskriftene endres etter følgende plan:

Høsten 2001

– Arbeidet med å oppheve unntaket fra kravet om språklig parallellitet for administrativ programvare (i først omgang tekstbehandling) startes.

1. august 2002

– Fritak for kravet om språklig parallellitet på tekstbehandling oppheves.

1. august 2003

– Fritaket for kravet om språklig parallellitet på øvrig administrativ programvare (regneark, databaseverktøy og presentasjonsverktøy) som læremiddel oppheves.»

[Utgreiinga i pdf-format](#)

## **2. juli 2003 Notat frå Det Norske Samlaget til statssekretær Helge Ole Bergesen**

Statssekretær Helge Ole Bergesen i UFD bad Det Norske samlaget greie ut saka om å oppheve unntaket for språkleg parallellitet for «administrativ programvare» som blir nytta i skulen. Samlaget oppnemnde ei arbeidsgruppe på sju medlemmer. 2. juli 2003 overrekte Samlaget notatet frå gruppa til statssekretæren.

Notat frå Samlaget [\[Word-format\]](#) [\[odt-format\]](#)

## **Innst.S. nr. nr. 268 (2003–2004) Innstilling fra kirke-, utdannings- og forskningskomiteen om kultur for læring**

«Flertallet [alle unntatt medlemmene fra Fremskrittspartiet og representanten Simonsen] forutsetter at det blir stilt krav om at administrativ programvare (tekstbehandler, regneark, nettlesere m.m.) som blir brukt i skolen, skal finnes både i en nynorsk versjon og på bokmål.»

### **13.10.2005 Utdanningsdirektoratet foreslår at forskrifta til opplæringslova blir endra**

13. oktober 2005 sende Utdanningsdirektoratet endringer i forskrifta til opplæringslova på høyring. Direktoratet gjer framlegg om at vanlege kontorstøtteprogram no skal kome inn under kravet om språkleg parallellitet. I merknadene til forslaget skriv Utdanningsdirektoratet:

«Kapittel 17 - Kravet om språkleg parallellutgåve

#### *Bakgrunn og gjeldende rett*

Etter opplæringslovens § 9-4 første ledd er det et krav at lærebøker og andre læremidler (unntatt i faget norsk) skal foreligge på både bokmål og nynorsk til samme tid og samme pris. Presiseringer og unntak fra dette er gitt i forskriftens kapittel 17. Ett av unntakene gjelder for administrativ programvare, jf. § 17-3 første ledd som lyder:

#### *§ 17-3. Unntak*

*Kjeldestoff, bakgrunnsstoff, artiklar, aviser, oppslagsverk, administrativ programvare og liknande, både trykte og ikkje-trykte, kjem ikkje inn under kravet om språkleg parallellutgåve sjølv ved regelmessig bruk.*

I forbindelse med behandlingen av Ot. prp. nr. 44 (1999-2000) om endringer i opplæringsloven, uttaler flertallet jf. Inst. O. nr. 89 (1999-2000), "*spørsmålet om nynorskversjoner av administrativ programvare er en avgjørende faktor i arbeidet for likestilling mellom nynorsk og bokmål, og en forutsetning for at nynorsk- og bomålselever skal ha samme vilkår i skolen. Flertallet ber derfor departementet legge fram en tidsplan for arbeide [sic] med å oppheve det foreløpige unntaket fra parallellutgaveregele.*"

Det tidligere Læringscenteret fikk i oppgave å utrede de praktiske konsekvensene av å oppheve unntaket når det gjelder administrativ programvare samt å gi råd om hvilken tidsplan som burde legges til grunn for forskriftsendringene.

Fordi det ville bli utviklet nynorsk programvare i løpet av 2003, ble det også på oppdrag fra departementet nedsatt en arbeidsgruppe i Det Norske Samlaget for å utforme forslag om å oppheve unntaket for administrativ programvare.

#### *Vurdering og forslag*

Etter direktoratets oppfatning er tilgjengeligheten på administrativ programvare på nynorsk nå tilfredsstillende og vi foreslår derfor at unntaket for administrativ programvare i § 17-3 oppheves. I tillegg er det foreslått presisert at spesiell programvare som til vanlig ikke blir brukt som kontorstøtteprogram faller utenfor kravet om språklig parallellutgåve.

#### *Økonomiske-[sic] og administrative konsekvenser*

Denne endringen i forskriften fører til at noen av skolene må oppgradere den programvaren de nå bruker. Skal programvaren skolen bruker være relevant for opplæringen, må den i alle tilfelle oppgraderes før eller senere. Endringen fører derfor bare til at oppgraderingen må gjøres i år i stedet for i et senere år. En finner at denne kostnadsoverføringen ikke er så stor at den vil ha noe å si for overføringen fra staten.»

[Høyringsbrevet frå Utdanningsdirektoratet](#)  
[Framlegget frå Utdanningsdirektoratet](#)  
[Utdanningsdirektoratet sine merknader til forslaget](#)

## **26.06.2006 Kunnskapsdepartementet fastset ny forskrift til opplæringslova**

Den nye forskrifta gjeld frå 1. august 2006. § 17-3 er endra slik at «administrativ programvare» (kontorstøtteprogram) no ikkje lenger er unnateke frå kravet om språkleg parallellutgåve. Det vil mellom anna seie at at tekstbehandlingsprogram, rekneark og databaseprogram som elevane skal bruke i undervisninga, skal liggje føre på begge målformer.

[Ny forskrift til opplæringslova](#)

## **22.10.2008 Kunnskapsministeren varslar klarare føresegner om digitale læremiddel i forskrifta kapittel 17**

På ein pressekonferanse i Ivar Aasen-tunet der fornyingsminister Heidi Grande Røys, kommunalminister Magnhild Meltveit Kleppa og kunnskapsminister Bård Vegar Solhjell la fram ei rad tiltak for å styrkje nynorsk skriftspråk, skisserte kunnskapsministeren fleire tiltak for å sikre at skulane får nynorske læremiddel i tide.

Når det gjeld digitale læremiddel, skal kapittel 17 i forskrifta til opplæringslova gjere det tydeleg kva eleven har rett til av læremiddel i eiga målform. Kravet til parallellutgåvene av læremiddel gjeld digitale læremiddel på lik linje med trykte læremiddel, understreka statsråden.

Nyheitsmelding [\[pdf-format\]](#) [\[odt-format\]](#)  
[Tiltak frå regjeringa for styrking av nynorsk \[pdf\]](#)

## **11.11.2009 Utdanningsdirektoratet fastslår at PC i samband med opplæringslova er læringsverktøy/reiskap, ikkje læremiddel**

[PC i skolen – læremiddel eller hjelpemiddel?](#) Brev frå Utdanningsdirektoratet 11.11.2009 til Fylkesmannen i Østfold

## **01.08.2010 Nytt kapittel 17 i forskrifta til opplæringslova, innsnevring av omgrepet "læremiddel"**

Utdanningsdirektoratet sender 24.11.2008 til høyring [forslag om endringar i kapittel 17 i forskrifta til opplæringslova](#).

Forskrifta blir endra på nytt 30. juni 2010. Omgrepet "læremiddel" blir snevra inn. "Læremiddel" er element "som er utvikla til bruk i opplæringa". Utdanningsdirektoratet skil i merknadene mellom "læremiddel" og "læringsverktøy". Kravet om språkleg parallellutgåve gjeld ikkje "læringsverktøy som tekstbehandlingsprogram og andre kontorstøtteprogram", jf. rundskriv [Udir-9-2010](#), men det blir presisert at reglane om parallellutgåver gjeld både for "trykte og digitale læremiddel".

Kapittel 17 får denne ordlyden:

### § 17-1. Elevens rett til læremiddel på eiga målform

Eleven har rett til læremiddel på ønskja målform; nynorsk eller bokmål. Kravet til språklege parallellutgåver skal gjere det enklare for eleven å gjere seg nytte av opplæringa og sikre dei språklege rettane som eleven har.

I andre fag enn norsk kan det berre brukast læremiddel som ligg føre på nynorsk og bokmål til same tid, med mindre læremiddelet er omfatta av unntaka i § 17-2. Kravet til språkleg parallellitet gjeld berre for fag med årskull over 300 elevar.

Kravet om språklege parallellutgåver gjeld for læremiddel som skal brukast regelmessig i opplæringa og dekkjer vesentlege delar av kompetansemåla eller er viktig for dei grunnleggjande ferdigheitene i læreplanen for fag i Læreplanverket for Kunnskapsløftet. Med regelmessig meiner ein at læremiddelet blir brukt fast, over ei lengre periode eller jamleg. Når det er tvil om eit læremiddel dekkjer vesentlege delar av læreplanen i fag, skal skoleeigar vurdere saka konkret.

Med læremiddel meiner ein alle trykte, ikkje-trykte og digitale element som er utvikla til bruk i opplæringa. Dei kan vere enkeltståande eller gå inn i ein heilskap, og dekkjer aleine eller til saman kompetansemål i Læreplanverket for Kunnskapsløftet.

Når det skal vurderast om læremiddelet er omfatta av kravet til parallellitet gjeld dei same vurderingane for trykte og digitale læremiddel.

### § 17-2. Unntak frå parallellkravet

Reglane i § 17-1 skal ikkje hindre at elevane får ta i bruk eit breitt tilfang av læremiddel i opplæringa.

Kjeldestoff, bakgrunnsstoff, artiklar, avisar, oppslagsverk og likande kjem ikkje under kravet til språklege parallellutgåver, sjølv ved regelmessig bruk.

Læremiddel der den norske teksten utgjer ein mindre del, kjem ikkje inn under kravet til språkleg parallellutgåve.

### § 17-3. Ansvar for skoleeigar

Skoleeigar har ansvaret for at retten til eleven til læremiddel på si målform blir oppfylt etter § 17-1 og § 17-2. Dette gjeld uavhengig av kor mange elevar som brukar bokmål og nynorsk i kommunen eller fylkeskommunen. Skoleeigar skal ha eit forsvarleg system, jf. opplæringslova § 13-10, for å sikre at retten til eleven blir oppfylt.

(Endra ved forskrift 30. juni 2010 nr. 1046, i kraft 1. aug. 2010).

Oktober 2000. Sist oppdatert 29. november 2010